



DEN NORSKE KYRKJA

FINNØY KYRKJELEGE FELLESRÅD

ÅRSMELDING FOR 2019

Finnøy kyrkjelege fellesråd hadde slik samansetting i 2019

Frå Hesby sokneråd:

Faste medlemmer: Anna Lauvsnes (Nestleiar), Olav Reilstad

Varamedlem: Solveig Mjølsnes Hatletvedt

Frå Talgje sokneråd:

Faste medlemmer: Torstein Kandal (Leiar), Liv Svanhild Sangedal

Varamedlem: Bjørn Edvin Eriksen

Frå Sjernarøy sokneråd

Faste medlemmer: Terjer Hidle, Kari Hidle

Varamedlem: Eivind Norheim

Frå Finnøy kommune:

Fast medlem: Arne Madland

Varamedlem: Lars Rørtveit

Fellesrådet hadde 4 møter i 2019 og behandla 22 saker.

Representantar til kyrkjeleg fellesnemd (Kommunereforma).

Dei kyrkjelege fellesråda i Finnøy, Rennesøy og Stavanger etablerte i 2017 kyrkjeleg fellesnemd for samanslåing av dei kyrkjelege fellesråda frå 1. januar 2020.

Frå Finnøy er desse valde til kyrkjeleg fellesnemd:

Faste medlemmer:

Terjer Hidle (Sjernarøy sokn)

Anna Lauvsnes (Hesby sokn)

Varamedlemmer:

Torstein Kandal (Talgje sokn)

Liv Svanhild Sangedal (Talgje sokn)

Tilsette:

Det var relativt stabilt mannskap vi hadde med oss gjennom heile 2019. Kun mindre endringar.

Øystein Kirkeli	Kyrkjeverje	100% stilling
Brenda Talgø Kolstadløkken	Kontorfullmektig	50% stilling (permisjon 10%)
Heidi Bø Sangedal	Trusopplærar/klokkar	60% stilling/10% stilling
Endre Vastveit	Trusopplærar	Timevikar trusopplæring
Unni Sæves Vignes	Organist Sjernarøy	30% stilling (fram til 1. mai)
Geir Eskeland	Organist Sjernarøy	Timevikar (30% st. fast frå 1.mai)
Kjell Reidar Tingvik	Reinhaldar/kyrkjetenar	9,48% stilling
Anne Skogen	Reinhaldar/kyrkjetenar	17,06% stilling
Sissel Bleie	Reinhaldar/kyrkjetenar	40% stilling
Kari Hidle	Klokkar	10% stilling
John Sigmund Bjerga	Kyrkjetenar/klokkar	10,46% stilling
Tor Bjarne Flesjå	Klokkar	23% stilling
Silje Aandstad	Kantor	10% stilling
Jostein Gard	Reinhaldar/kyrkjetenar	12% stilling
Dag Olav Sæbøvåg	Kyrkjetenar	9,03% stilling
Vivian Bø Djønne	Reinhaldar	6% stilling
Elin Underhaug Kanu	Organist	50 % stilling (Perm.sept.-des.)
Klokkar Talgje	Vakant	

Samla 4,88 årsverk i kyrkja i Finnøy.

Det har vore nokre endringar i staben i 2019. Mangeårig organist og korleiar Unni Sæves Vignes gjekk av for oppnådd aldersgrense 1. mai. Geir Eskeland som har vore tilkallingsvikar i fleire år gjekk inn i denne stillinga frå 1. mai 2019. Organist Elin Underhaug Kanu hadde permisjon frå stillinga si frå og med 1.sept. og ut året.

Øystein Kirkeli har vore langtidssjukmeld i 2019, Brenda Talgø Kolstadløkken og Heidi Bø Sangedal har utført oppgåver knytta til stillinga som kyrkjeverge frå ca august og ut året.

Endre Vastveit har vore ansatt på timesbasis på enkelte trusopplæringstiltak.

I år som tidlegare år, har dei frivillige sin innsats vore heilt uvurderleg. Frivillige har gjennom året gjort teneste som klokkarar, tekstlesarar, kyrkjevertar, forsongarar, nattverdsmedhjelparar i tillegg til diakonale oppgåver.

Dei tilsette gjev framleis uttrykk for at dei synes tenesta i kyrkja er meiningsfull, og gjev uttrykk for trivsel. Trass i store geografiske avstandar har vi fleire samkomer gjennom året. Dette er også verdsett av dei tilsette.

Årsberetning administrasjon 2019

Året 2019 har vore eit nokså normalt år for kyrkjelydane i Finnøy. Kyrkjelydsarbeidet føregår relativt upåverka av samanslåingsprosessen som pågår. Gudstenestedeltakinga er om lag som foregåande år. Det er kun mindre variasjonar.

Årsrekneskapen for 2019 viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk med kr.349 617,61 Årsaka til dette skuldast truleg lågare lønskostnader i samband med sjukefråver og permisjonar.

Kyrkjekontoret i Hagatunet er framleis ein svært tenleg plass å vere for oss. Her har alle tilsette ein stad å komme til for samtalar, og andre ærend. I tillegg er lokala tenlege og gode for sokneråd og fellesråda sine møter. Og publikum kan komme for samtalar med prest og andre tilsette.

Kyrkjegardar og byggningar

Det var i 2019 totalt 21 gravferder i sokna våre. Det er tilsaman 4 færre enn 2018.

Fellesrådet driv totalt 9 gravplassar fordelt på sokna. Det er ein kyrkjegard på Finnøy, Ein på Talgje, to på Sjernarøyane, to på Fogn, to på Ombo, og ein på Halsnøy.



Gravplassane blir drifta dels gjennom tenestyttingsavtale med kommunen, og dels med avtaler med private og gartnarar.

Hesby kyrkjegard: Finnøy kommune

Kyrkjegarden på Kyrkjøy og gravplassane på Venja (Bjergøy) og Halsnøy: Sjernarøy Bygdaservice AS

Kyrkjegarden på Fogn og gravplassen på Sør Fogn: Oskar Runestad

Jørstad kyrkjegard og Ombo gamle kyrkjegard: Kjell Reidar Tingvik

Talgje kyrkjegard: Skavland Gartneri AS

Sokneråda organiserer årlege dugnader på alle gravplassane, og stellavtalar vert ivaretatt av private og gartnarfirma. Vi får stort sett gode tilbakemeldingar på vedlikehald og stell av gravlassane. Pårørande er flinke til å stelle sine graver.

Festeavgift for gravene i Finnøy var i 2019 Kr. 200,-/år/grav.

Kyrkjene i Finnøy:

I Finnøy er det framleis 5 kyrkjer. Hesby, Talgje, Sjernarøy, Fogn og Jørstad kyrkjer. Dei 3 første av desse er automatisk freda bygg. På Halsnøy leiger vi bedehuset til kyrklelege handlingar.

Det har ikkje vore påbegynt større vedlikehaldsprosjekt på kyrkjene i Finnøy i 2019. Kun mindre vedlikehald av normal karakter. Kyrkleleg fellesråd søkte Finnøy kommune om 250.000,-kroner for ein tilstandsvurdering av Hesby kyrkje. Okt. 2019 vedtok Finnøy kommunestyre å løyve kr 250 000,- til tilstandsrapport. Det er i brev til kommunen bedt om at desse blir øyremarka til dette fromålet. Stavanger kyrklelege fellesråd er orientert.



Talgje kyrkje.

Hesby sokneråd 2015 – 2019

Faste medlemmer:

1. Anna Lauvsnes
 2. Espen Idsøe
 3. Magne Landa Eggebø
 4. Olav Reilstad
 5. Kjetil Sevheim
 - 6 Solveig Mjølsnes Hatletvedt
-

Varamedlemmer:

1. Tyra Landa Eggebø
2. Ingrid Marie Nærland Vastveit
3. Jorunn Strand Vestbø
4. Beate Vangen
5. Reidun Åbrekk Bråtveit

Talgje sokneråd 2015 – 2019

Faste medlemmer:

1. Torstein Kandal
 2. Eilef Gard
 3. Sissel Sørestad Halsne
 4. Leif Kolnes
 5. Ottar Sandanger
 6. Anne Caroline B. Eike
 7. Bjørn Edvin Eriksen
 8. Inger Marie Egeland
-

Varamedlemmer:

1. Liv Svanhild Sangedal
2. Kari Velve Byre
3. Trond Egil Sivertsen
4. Else Jorunn Løland Vold
5. Kirsti Anita Esperås

Sjernarøy sokneråd 2015 - 2019

Faste medlemmer:

1. Kari Hidle
 2. Åsa Marit Lilledal Sinnes
 3. Terjer Hidle
 4. Eivind Norheim
 5. Else Norheim
 6. Sissel Haavik Vadla
-

Varamedlemmer:

1. Torill Talgø
2. Benny Tysdal Helgeland
3. Kari Kristine Norheim

Kommunereforma:

Finnøy kommune gjennomførte 8. juni 2016 ei folkeavrøysting over framtidig kommunestruktur. Folkeavrøystinga gav fleirtal for samanslåing av dei tre kommunane Finnøy, Rennesøy og Stavanger 1. januar 2020. Fellesrådet sine grenser fyl kommunegrensene. Finnøy kyrkjelege fellesråd er difor det siste fellesrådet som verkar innafor dagens samarbeidsområde i dei tre sokna. Frå 1. januar 2020 overtek Nye Stavanger kirkelige fellesråd drifta av dagens Finnøy fellesrådsområdes verksemd. Dei 3 sokna beheld sitt kyrkjekontor på Hagatunet på Finnøy, med mange av dei same funksjonane som før. Hovedadministrasjon for Fellesrådet vert etter 1. januar 2020 i Klubbgata i Stavanger.

Turisme/Kyrkjebesøk utanfrå

Det er framleis mange som vil besøkje dei gamle freda kyrkjene våre. Hesby kyrkje blir framleis nytta av Ryfylke livsgnist sitt konsept «bedehusland». Dei har seinar år også utvida med ulike andre arrangement slik som spelet om Ogmund Finnson, og Jul med Gustava Kielland. På Talgje har Jostein Gard fleire busslaster med besøkjande i kyrkja kvar sommar. På Sjernarøy er det Nils Trygve Hauge som guider fleire grupper innom kyrkja på Kyrkjøy.

Økonomi:

Rekneskapen for 2019 syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk med kr. 349 617,61

Dispositionen av meir/mindreforbruk vert gjort av nytt fellesråd i 2020.

Takk:

Ei stor takk til Finnøy kommune som har lagt forholda godt til rette for kyrkja si verksemd også i 2019. Ei stor takk til fellesråd og sokneråd for flott innsats. Takk også til tilsette og frivillige som har gjort 2019 til eit godt år for kyrkjelydane.

Torstein Kandal
Torstein Kandal

Leiar

Heidi Bø Sangedal

Heidi Bø Sangedal

Konstituert kyrkjeverje

Øystein Kirkeli
Øystein Kirkeli

Kyrkjeverje

